



Fjell kommune

Arkiv: 016
Saksmappe: 2017/580-15016/2017
Sakshandsamar: Willy Sørensen
Dato: 02.06.2017

SAKSDOKUMENT

Utvaksnsr	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Etablering av ny kommune - val av revisor for verksemda i Fellesnemnda

Samandrag av saka:

Lov om fastsettjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) føreset at Fylkesmannen, så snart Stortinget har vedteke at kommunar skal slå seg saman, skal samla kommunestyra for desse kommunane. Form og innhald i desse fellesmøta går m.a fram av §25 i lova, og omfattar både felles møte og separate (vedtaksføre) møte. For Fjell, Sund og Øygarden er dato for møta sett til 21.juni 2017.

§25 pkt.d i lova føreset at kommunestyra skal drøfta val av revisor for verksemda i Fellesnemnda. Sjå også anna sak til same møte om oppretting, mandat osb. for Fellesnemnda.

Førebuande fellesnemnd for Fjell, Sund og Øygarden rådde i møte 24.april 2017 til at val av revisor for Fellesnemnda si verksemrd skal til uttale i dei respektive kontrollutvala før saka vert fremja til kommunestyra 21.juni. Saka vil då ha uttalene frå kontrollutvala som vedlegg.

Det vert tilrådd at ein vidarefører dagens ordning for rekneskapsføring og revisjon for Førebuande Fellesnemnd, til også å gjelde for Fellesnemnda. Ordninga skal gjelde fram til ny kommune er i funksjon (01.01.2020).

Innstilling:

1. Fellesnemnda skal følgje same ordninga for rekneskapsføring og revisjon som Førebuande Fellesnemnd. Denne skal gjelde fram til den nye kommunen er etablert og Fellesnemnda sin funksjon opphører. Ordninga inneber at Fjell kommune skal føre Fellesnemnda sin rekneskap, og Fjell kommune sin revisor skal revidera rekneskapen for nemnda.

Straume, den 02.06.2017

Steinar Nesse
Rådmann

Willy Sørensen
Spesialrådgjevar

Dokument vedlagt saka:

- Lenke til Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova).
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70?q=inndelingslova>
- Lenke til Førebuande fellesnemnd – referat frå møte nr 5, 24.04.2017.
<http://www.varnyekommune.no/>
- Førebuande fellesnemnd – oppfølging av vedtak om å etablera ein ny kommune frå 01.01.2020. Møtebok frå Fjell kommunestyre, sak 108/2016, dato 29.09. 2016
- Kontrollutvalet i Sund kommune
- Kontrollutvalet i Øygarden kommune
- Kontrollutvalet i Fjell kommune

Saksopplysningar:

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) føreset at Fylkesmannen, så smart Stortinget har vedteke at dei skal slå seg saman, skal samla kommunestyra for desse kommunane til felles møte. Form og innhald i møtet går fram av §25 i lova, og inneber både felles møte for dei aktuelle kommunestyra, og separate møte der kommunestyra etter lova er vedtaksføre. For Fjell, Sund og Øygarden er dato for møta sett til 21.juni 2017.

I desse møta vert er den mest omfattande saka etablering av ei Fellesnemnd for dei tre kommunane. Nemnda vil ha heilt sentrale funksjonar og mandat fram til ny kommune er i funksjon frå 01.01.2020. Jf. eiga sak om dette til dei tre kommunestyra 21.juni.

I §25 punkt d seier Inndelingslova også at kommunestyra i møtet skal drøfta...«val av revisor for verksemda i fellesnemnda». Det er dette denne saka gjeld.

I Førebuande Fellesnemnd (FF) sitt møte 24.04.2017 rådde nemnda til at kontrollutvala skal få høve til å uttale seg til saka før ho vert fremja til kommunestyra 21.juni.

Kontrollutvala sine uttale er vedlagt denne saka.

Øygarden, Sund og Fjell har separate revisortenester. Men dei vert utført av same selskap, - Deloitte. I samband med opprettinga av FF tidleg hausten 2016 vart dei tre kommunestyra samde om at Fjell kommune skulle rekneskapsføre alle utgiftene til nemnda på ein eigen kostnadsstad. Ein vart også samde om at»*Samla utgifter vert ført mot kommunen sin balanse og dekka inn når kommunane får utbetalt støtte til eingongskostnader etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing våren 2017.*»

I FF sitt møte 24.april 2017 (Jf lenke til referat) vart ein samde om å tilrå at «.....*Fjell kommune sin revisor skal halde fram og at Fjell kommune framleis fører rekneskapen på vegne av fellesnemnda slik det er vedteke i kommunestyra når det gjeld Førebuande fellesnemnd...*».

Vurdering:

I skrivande stund er det rimeleg å tru at dei tre kommunestyra i møta 21.juni vil opprette ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova. Det vil då også vere naudsynt å gjere vedtak om kven som skal få ansvar for revisortenestene til nemnda i dei to og eit halvt åra den vil vere i funksjon.

Dei tre kommunestyra gjorde i 2016 vedtak om at «forløparen» til Fellesnemnda, -den meir mellombelse FF, skulle få sine revisortenester utført av same selskap som Fjell og dei to andre kommunane har nytta i fleire år.

Kommunane har vore nøgde med måten Deloitte har ivareteke sine oppgåver på. Dette var utgangspunktet for FF si samrøystes tilråding av selskapet i høve Fellesnemnda sine behov.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak bygger på dette grunnlaget.